



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Servicerommet ved Tanum kyrkje
Møtedato:	22.08.2018
Tid:	18.30-21.30
Deltakarar:	Kjell Nilsen, Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid, Arne H Hansen Forfall: Dag Johnsen, Kjell Nilsen under sakene 62/18 og 65/18.
SAKLISTE NR:	7/2018

Innkallinga godkjent og møtet sett med to nye punkt under sak 68/18 Meldingar og ei sak under Sak 69/18 Eventuelt.

SAK 62/18 **GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 13.06.2018, sakliste 6/2018**

Referatet manglar oversikt over kven som var med på møtet.

Vedtak: Referatet godkjennest med tilføyning av deltaking og fråver. Skal underskrivast på neste møte.

SAK 63/18 **NYTT DIAKONIUTVAL OG UTVALETS OPPGÅVER. Sjø sak 50/18.**

Erling Sølvik la fram eit utkast til ein forkorta versjon av Tanum menighets diakoniplan frå 2012 som vi drøfta og justerte ut frå punkta i innkallinga.

Vedtak: Vi vedtok denne justerte diakoniplanen. Vi vedtok også å spørja eventuelle kandidatar til nytt diakoniutval samtidig med forespørsel om å sitja i nytt menighetsråd frå 2019. Sjø vedlegg.

SAK 64/18 **NY REPRESENTANT TIL ØKONOMIUTVALET FOR SÅMANNEN**

Thor Hansteen Nordahl hadde sagt seg villig til å vera Tanum menighets representant i økonomiutvalet for Såmannen ut året 2018. Sjø sakene 77/17 og 92/17 punkt 5.

Vedtak: Leiar tek kontakt med Nordahl for å avklare om han kan halde fram eit år til

SAK 65/18 **GJENNOMGANG AV DEN NOVERANDE ÅRSPLANEN.**

Vi gjekk gjennom årsplanen frå mars 2016 og justerte aktuelle punkt.

Vedtak: Vi vedtok den justerte årsplanen. Sjø vedlegg.

SAK 66/18

ORGELET I TANUM KYRKJE Sjø sakene 57/18 og 48/18, samt tidlegare orgelsaker

Kjell Nilsen og leiar i orgelkomitéen, Elisabet Romøren, orienterte om kor langt arbeidet med nytt orgel har kome. Ein del av dei gamle orgelpipene er fjerna, nokon måtte kasserast, nokon er tekne vare på.

Den planlagte dugnaden 31. august må sannsynlegvis utsetjast pga samtidige arrangement i kyrkja.

Nytt møte i orgelkomitéen 5. sept.

SAK 67/18

UTNEMNING AV NOMINASJONSKOMITÉ TIL VAL AV NYTT MENIGHETSRAÐ I SEPTEMBER 2019

Nominasjonslista bør vera ferdig i mars/april 2019.

Vedtak: Komitéen består av medlemene i det noverande menighetsrådet.

SAK 68/18

MELDINGAR

1. Den nye kyrkjeverga vår, Sigrid Kobro Stensrød, ynskjer å besøke menighetsråda i kvart sokn i løpet av hausten.

2. Musikk ved kyrkjelege handlingar.

Orientering ved Asle Zimmermann.

3. Invitasjon til vigsling av ny biskop i Tunsberg søndag 23.09.2018 i Tønsberg domkyrkje.

4 Tanum menighets teneste på Sportskapellet er bytta frå søndag 09.09 til 16.09.2018.

SAK 69/18

EVENTUELT

Gjennomgang av lista for kyrkjebakkekaffe hausten 2018.

SAK 70/18

KL 21.00 – 21.30: TANUM MENIGHET PÅ FACEBOOK? HEIMESIDE?

Vikar for trusopplærar 13-18 år, Åsmund Brøvig, orienterte om mulighetane til Tanum menighet på nett. Han jobbar som frilanser, men har m.a. erfaring frå både NRK og TV2.

Åsmund er tilsett som vikar i 20 % stilling og skal primært vera med og hjelpe soknepresten med konfirmantundervisninga, samt ha ansvaret for skulelaget på Ra. Ut over dette kan det bli aktuelt å laga ein elektronisk kalender over komande arrangement i Tanum menighet og eventuelt presentere saker frå menigheten vår på nett, til dømes på heimesida eller

på Facebook, om vi ynskjer dette. Han er med i menighetsrådet i Berg og har laga ein del videoar frå både barnearbeidet og konfirmant-arbeidet der.